

Inn i autovernet på Ljosnes

08.06.2009



Autovernet vart rykka heilt ute av stilling på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein blå Mercedes som kom frå Dimmelsvik smalt søndag morgon inn i autovernet i den skarpaste svingen på Ljosnes. Bilen var ikkje kjørbær etterpå og spora i autovernet og vegen viser at det var sterke krefter og truleg då stor fart inne i biletet.



Ein bit av bilen vart liggjande att. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Viking i Uskedalen rykka ut og henta bilen.

Lokalkjende strekar under at vegvesenet eller dei som har jobben for vegvesenet snarast bør fiksa autovernet, som er ute av stilling og nærmast knekt.

Dette er ein svært ulukkesbelasta sving. Og hadde ikkje autovernet vore der og fungert som det gjorde, kunne bilen hamna heilt nede i fjorden.

Av Ola Matti Mathisen